



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

30.09.2025

Vår ref:

2025/13065

Dykkar dato:

20.08.2025

Dykkar ref:

202505048

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - konsesjonspliktvrdering - nedlegging av dam - Svievegen på Svortland - Bømlo

Statsforvaltaren har vurdert at nedlegging av dam Svievegen ikkje vil få så omfattande konsekvensar for naturmiljø at det er grunnlag for å rå frå å gi konsesjonsfritak.

Vi viser til høyringa av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for nedlegging av dammen i Svievegen på Sortland. Dammen, som er 3,7 meter høg og har eit areal på 1,8 dekar, overhald ikkje gjeldande tryggleikskrav.

Det blei registrert fiskemåke (raudlista, kategori sårbar – VU) ved lokaliteten i mai 2023 (kjelde: Artskart). Dette var i hekketida, men det går ikkje fram om registreringa gjaldt hekkande fugl. Eit skrånande terreng omkring vatnet, og utforminga av sjølve dammen, gir ikkje inntrykk av at dette er ein viktig hekkelokalitet. Tjernet som ligg rett aust for dammen, ser derimot ut til å vere viktig for hekkande fugl, og observasjonane av fiskemåke ved dammen kan vere herifrå. Vi vil elles påpeike at dammen vil ha ein viss verdi for insekt, sjølv om det ikkje er registrert noko i naturdatabasane.

Nedlegging av dammen vil tilbakeføre lokaliteten i retning mot naturtilstanden. Dette er u utgangspunktet positivt for naturmiljøet, sidan tiltaket ikkje ser ut til å få særlege negative effektar. Ut frå meldinga ser det ikkje ut til å vere større lokale friluftsinteresser knytt til lokaliteten, og eventuell negativ effekt vil uansett bli gradvis dempa, i takt med at området blir naturleg revegetert.

Vi konstaterer at det er vurdert løysingar for å handtere flaumvatn, og vi legg til grunn at dette blir ivareteke i saka.

Med helsing

Mikael Jørgensen
rådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Kopi til:

Bømlo kommune

Vestland fylkeskommune

Leirdalen 1

Postboks 7900

5430

5020

BREMNES

BERGEN